



I føremiddag hadde Jarle Fossheim i kommunen møte med 4 firma som har erklært seg interesserte i ledig industriareal på Børnes. Han hadde invitert 6 for å få ein reaksjon på kalkylen for 20 dekar ferdigplanera tomt mellom fylkesvegen og det område som er utbygd i dag.

Frammøtet var med andre ord bra og bar bod om interesse, men det var ein diskusjon om dei tekniske løysingane.

Når det gjeld den konkrete responsen på kalkylen seier Fossheim til uskedalen.no at det var semjje om å sjå nærmere på dei tekniske løysingane som har lege til grunn.

Når det er gjort, skal kommunen komma attende til interessentane med ein justert tomtepris. Det skal skje om relativt stutt tid.